


List of Signatures

Page 1/1

 **Protokoll_Styremøte 14. desember 2023_141223.pdf**

Name	Method	Signed at
Lervik, Birgit Olaus	BANKID	2024-02-27 08:33 GMT+01
Ovrid, Marianne	BANKID	2024-02-26 16:07 GMT+01
Hovland, Jøril	BANKID	2024-02-13 13:23 GMT+01
Hønsi, Torunn Gauteplass	BANKID_MOBILE	2024-02-13 12:45 GMT+01
Larsen, Bjarne	BANKID_MOBILE	2024-02-12 10:26 GMT+01
Leirdal, Grethe Kristin	BANKID	2024-03-12 17:17 GMT+01
Alvik, Dagny Karin Ugulsvik	BANKID_MOBILE	2024-02-29 13:53 GMT+01
Skrede, Åge	BANKID	2024-02-28 08:30 GMT+01



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 3365EE1DE7E94199A1672391F1498B39

Styremøte 14. desember 2023

tor. 14 desember 2023, 15:00 - 19:00

Sogndal Hotell

Deltakere

Styremedlemmer

Torunn Hønsi, Jøril Hovland, Åge Skrede, Birgit Lervik, Ernst Ståle Øvstetun, Marianne Ovrid, Bjarne Larsen, Grethe Kristin Leirdal, Terje Bakke Nævdal, Audun Mo

Møteprotokoll

57/23

Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste vart godkjent

Beslutning

Dagny Alvik

58/23

Godkjenning av referat frå styremøta den 26.09.23 og 05.10.23

Vedtak: Referata frå styremøta den 26.09.23 og 05.10.23 vart godkjent og signert (elektronisk)

Beslutning

Dagny Alvik

59/23

Orientering frå representantskapsmøtet den 27.10.23

Nytt representantskap vart konstituert. Audun Mo er valt som ny representantskapsleiar, og Stig Ove Ølmheim som nestleiar.

Representantskapet vedtok driftsbudsjettet, investeringsbudsjett og handlingsplan til SIMAS IKS for 2024. Økonomi- og investeringsplan for 2024-2027 vart vedteke. Det kom signal frå representantskapet om at det var viktig med fokus på kostnadseffektivitet.

Vedtak:

Styret tek informasjonen frå Representantskapsmøtet til vitande.

Styret vil ha fokus på kostnadseffektivitet og utgreiing om miljøstasjonsstruktur og funksjon i 2024.

Styret er positive til at dagleg leiar og styreleiar besøker dei nye kommunestyra i eigarkommunane og fortel om SIMAS idag, og målsetningar for framtida.

[Sak 59.23 Møteprotokoll frå representantskapsmøtet.pdf](#)

Orientering

Dagny Alvik

60/23

Orientering om Nyrstarsaka, uoff. jf. offentleglova § 15 2. ledd og § 18

Vedtak: Styret tek orientering om oppfølginga av Nyrstarsaka til vitande

[Vedlegg 2. Forliksklage 24.11.23.pdf](#)

[Vedlegg 1. Brev på vegne av Simas IKS - vedørrrende slagg i Festningsdalen.pdf](#)

[Vedlegg 3. Brev til Tollefsen.pdf](#)

[sak O 60.23 Orientering om Nyrstarsaka.pdf](#)

Orientering

Dagny Alvik



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.




Document ID:
3365EE1DE7E94199A1672391F1498B39

61/23

Driftsorientering

Leiarane har gjeve ei skrifteleg orientering om viktige saker og drifta. Hovudpunkt på drift, og resultat frå medarbeidarundersøkinga og deponitilsyn vert lagt fram i styremøtet.

Vedtak: Styret fekk orientering om drifta og arbeidet med pågåande saker

-  Vedlegg 1 til sak O 61-23 Rapport medarbeiderundersøkelse SIMAS 2023.pdf
-  Vedlegg 2 til sak O 61-23 Simas Festingdalen deponi - tilsynsrapport.pdf
-  Sak O 61-23 Driftsorientering styremøte 14.12.23.pdf

Orientering

Dagny Alvik

62/23

Regnskap pr oktober 2023

Rekneskapsrapporten pr oktober viser eit underskot på 3,5 mill. Dette er 0,25 mill under budsjett og 5,4 mill under fjoråret.

Ein har budsjettert med underskot for å bygge ned fond på hushaldning.

Omsetninga hittil i år er på 73,3 mill. Dette er ein auke med 1,9 mill frå same periode i 2022 og 1,1 mill over budsjettert omsetning.

Vedtak: Styret tek rekneskapsrapport pr. oktober 2023 til vitande

-  Rekneskapsrapport oktober 2023.pdf
-  Sak 62-23 Rekneskap per oktober 2023.pdf

Orientering


Aud Beheim

63/23

Årdal kommune inn i SIMAS

Orientering om status i arbeidet med å implementere Årdal som fullverdig medlem i SIMAS. Vi er i sluttinnspurten før oppstart 1. jan 2024, og det vert jobba mykje og svært godt for å komme i hamn.

Vedtak: Styret tek informasjonen om arbeidet med å få Årdal kommune inn som fullverdig medlem til vitande

-  Sak O 63-23 Årdal kommune inn i SIMAS.pdf

Orientering

Dagny Alvik


64/23

Orientering om Sirkla Ressurs AS

Rekneskapsrapporten pr oktober viser ei omsetning på vel 16 mill. Det er omlag 150` over budsjett, og ca 2,5 mill over same periode i fjor. Resultatet pr oktober er på vel 0,5 mill . Det er kr 243` under budsjett, og kr 264` over same periode i fjor.

Dagleg leiar har meldt ifrå at han sluttar i stillinga frå 1.3.24 grunna sviktande helse.

Vedtak: Styret tek informasjon om Sirkla Ressurs AS til vitande. I møtet vart styret orientert om dagleg leiar i Sirkla Ressurs AS sin situasjon. Det vart fremja forslag om å ta ein fot i bakken og vurdere positive og negative sider med administrativt samarbeid mellom selskapa. Styret slutta seg til dette.

-  Sak O 64.23 Orientering om Sirkla Ressurs AS.pdf

Orientering

Dagny Alvik

65/23

Forsikringsoversikt

Styret skal årleg ha gjennomgang av selskapets forsikringar. Vi har forsikring hjå Gjensidige.

Vedtak:

- Administrasjonen får mandat til å halde oversikt ved marknadsundersøking der ein vurderer risiko og kostnader ved dagens forsikringsavtale med Gjensidige.
- Dersom det er behov får administrasjonen mandat til å vurdere om ein intensjonskunjgjer er naudsynt

Diskusjon

Andrè Laberg




This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3365EE1DE7E94199A1672391F1498B39

eller ein anbudsprosess bør gjennomførast.

 Sak D 65-23 Forsikring.pdf

 Gjensidige-Forsikringsoversikt-07_12_2023.pdf

66/23

Årsplan for styret i SIMAS IKS i 2024

Formålet med årsplan er å sikre ein god plan for styret sitt arbeid og i tillegg til å syte for at styrets ansvar og oppgaver vert ivareteke. Årsplan skal legge til rette for ein strukturert gjennomgang av verksemdas formål og handlingsplaner som er vedteke for å oppnå målsetningane som er sett til verksemda.

Vedtak: Styret i SIMAS IKS vedtek årsplan for 2024.

 Sak 66.23 Årsplan for styret 2024.pdf

Beslutning

Dagny Alvik

67/23

Lønn til Direktør

Det sentrale oppgjeret for Samfunnsbedriftene ga eit resultat i årslønsvekst i 2023 på 5,2 %. For SIMAS vart gjennomsnittleg lønnsauke 6,6 % for gruppe 1, og 5,5% for leiargruppa. Lønsutviklinga i Simas fylgjer slik utviklinga elles i offentleg sektor, og er på linje med prisveksten i samfunnet.

Det er elles eit viktig prinsipp for styret at direktøren i selskapet skal lønast etter innsats og ansvaret som ligg i stillinga, men samtidig skal løna ikkje vere lønsdrivande samanlikna med øvste leiarar i kommunal sektor i regionen. Løna til direktør bør òg fylgje utviklinga til leiargruppa i Simas.

Vedtak: Styret vedtek at direktør Dagny Alvik får 5,5 % lønsauke i 2023, som vil seie eit kronebeløp på kr 55 000 kr pr. år. Ny årsløn vert 1 055 000 kr, gjeldande frå 1. mai 2023.

 Sak V 67-23 Løn til Direktør.pdf

Beslutning

Torunn Hønsi



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
3365EE1DE7E94199A1672391F1498B39